



**Styre:** Universitetsstyret

**Styresak:** 43/17

**Møtedato:** 27.04.2017

**Dato:** 07.04.2017

**Arkivsaksnr:** 2008/12677

---

## Scholars at Risk ved UiB

---

### Tilvising til bakgrunnsdokument

- Avtale om medlemskap i Scholars at Risk network signert 28.10.2008
- Scholars at Risk network nettside: <https://www.scholarsatrisk.org/>
- Scholars at Risk Norway section nettside: <https://www.scholarsatrisk.org/sections/sar-norway/>

### Saka gjeld:

Universitetet i Bergen er medlem av universitetsnettverket Scholars at Risk (SAR), som arbeider med å fremje akademisk fridom og beskytte forskarar som er under press eller trua ved sin heimeinstitusjon.

UiB vart medlem i SAR i 2008, og har sidan 2013 hatt som mål å til ein kvar tid ha ein forskar tilsett i eittårig midlertidig stilling gjennom nettverket. Under budsjetthandsaminga for 2017 vart det vedteke å auke UiB sin innsats i SAR for 2017 og ta imot to forskarar i år. Det er ynskjeleg at styret også vedtek ei langsiktig målsetjing for arbeidet med SAR på UiB, og at dagens praksis for mottak av SAR-forskarar ved UiB vert forankra i styret.

Saka har vore til drøfting i Forskingsutvalet.

### Forslag til vedtak:

1. UiB skal ha som målsetjing å kvart år ha to forskarar gjennom SAR-nettverket på eittårige opphald. Opphaldet kan forlengast med maksimum eit ekstra år.
2. Sentrale midlar vert avsett til å dekke løn, sosiale utgifter, drift, reise til Bergen, samt visum og andre nødvendige oppstartsutgifter for forskaren. Vertseininga dekker indirekte kostnader (arbeidsplass, utstyr mm).
3. Arbeidet og engasjementet i nettverket skal skje gjennom ein komité med medlemmer frå alle fakulteta, samt eit medlem frå Studentparlamentet. Komiteen vert oppnemnt for 3 år, og vert leia av rektoratet. Forskingsadministrativ avdeling er sekretær.

Kjell Bernstrøm  
universitetsdirektør  
07.04.2017/Kristin Svartveit/Heidi Annette Espedal

## **Saksframstilling**

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
43/17

Møtedato:  
27.04.2017

Arkivsaksnr:  
2008/12677

## **Scholars at Risk ved UiB**

### **Bakgrunn**

#### **Scholars at Risk – nettverket globalt**

Scholars at Risk (SAR) er eit globalt universitetsnettverk som i dag har over 450 medlemsinstitusjonar i 40 land. Nettverket vert koordinert frå New York University, der det har ein direktør og sekretariat. I Noreg er alle universiteta, fleire høgskular, universitet- og høgskulerådet, SAIH og Forskerforbundet medlemmer og har danna ein lokal seksjon av nettverket. UiB var med å etablere denne i 2008, og sit i styringsgruppa for SAR Norge 2017-19. SAR samarbeider med Fritt Ord, ICORN og andre organisasjonar som arbeider for ytringsfridom.

Nettverket har i løpet av ein 15-årsperiode ytt hjelp til over 2000 forskarar og organisert gjesteopphald for over 700 trua forskarar ved medlemsinstitusjonane. Trua forskarar er i hovudsak akademikarar som på grunn av sitt arbeid eller stilling er utsatt for truslar av myndigheiter eller andre. Truslar kan vera alt frå sensur eller oppseiing til fengsling, tortur og drap. Den siste tida har talet på førespurnadar til SAR om hjelp auka kraftig og var nær dobla i 2016 på grunn av den politiske utviklinga i Tyrkia og i Syria. Sekretariatet for SAR i New York er ansvarleg for kvalitetssikring av søknadane frå forskarar og vurdering av trusselbildet og kompetanse for kvar einskild forskar. I etterkant av opptak i nettverket vert forskaren kopla med relevante medlemsinstitusjonar. Det er sterkt behov for fleire gjesteforskarplassar for trua forskarar.

#### **Scholars at Risk ved UiB**

Som medlemsinstitusjon i SAR kan ein engasjere seg på ulike måtar, og hovudarbeidet kan delast inn i tre kategoriar; vern (protection), støttarbeid (advocacy) og opplæring (learning/empowerment). UiB har hovudsakleg bidrege til vern ved å ta imot trua forskarar på opphald ved UiB, samt i opplæringsarbeidet gjennom å delta på arrangement i regi av SAR Norge, både ved UiB og ved andre norske institusjonar.

Sidan 2013 har UiB hatt ein komité for Scholars at Risk med medlemmer frå alle fakultet, samt ein representant frå Studentparlamentet. Komiteen er leia av viserektor for Internasjonalisering, og Forskningsadministrativ avdeling er sekretær. Komiteen for SAR har hatt møter mellom 2-4 gonger i året.

Medlemmer i komiteen for Scholars at Risk ved UiB i dag er:

MN: Jan Petter Hansen

MOF: Ingvild Fossgard Sandøy

SV: Lars G Svåsand

HF: Knut Axel Jacobsen  
Psyk.fak: Kariane Therese Vestrheim  
Juss: Maja Janmyr  
Studentparlamentet: Eirik Reikerås  
Leiar: viserektor Anne Christine Johannessen  
sekretær: Kristin Svartveit (FA)

Komiteen si rolle er å velje ut forskarar som UiB skal ta imot på gjesteopphald gjennom SAR-nettverket, og elles vera ressursgruppe for UiB sitt arbeid gjennom SAR. Komiteen kan òg legge til rette for breiare informasjonsarbeid om SAR, for å auke lokal interesse og kjennskap til ordninga. Kontakt til presse og myndigheter kan vere av særleg nytte.

UiB har sidan 2013 hatt som mål å til ein kvar tid ha ein forskar tilsett i eittårig midlertidig stilling gjennom nettverket, med mogelegheit for forlenging til maks to år. Universitetet har så langt tatt imot to forskarar, i 2014 og 2016, begge med eit års forlenging av opphaldet. Prosessen med å finne ein forskar nr 2 for 2017 er i gang.

### **Finansiering og ansvarsdeling mellom institutt og universitetet sentralt**

UiB har ein institusjonskontakt for Scholars at Risk ved Forskingsadministrativ avdeling som koordinerer arbeidet med mottak av forskarar gjennom ordninga. Denne held kontakten med institutt som er aktuelle som vertskapsinstitutt, og koordinerer prosessen fram til forskaren er på plass ved UiB. Instituttet vert oppmoda til å utpeike ein fagleg kontaktperson/mentor for forskaren i perioden han/ho er tilsett der, samt å fylje opp forskaren etter vanlege rutinar for mottak av internasjonale forskarar.

Ordninga krev ei intern fullfinansiering ved UiB. Sentrale midlar vert avsett til å dekke løn, sosiale utgifter, driftstilskot (NOK 20 000), reise til Bergen, samt visum og andre nødvendige oppstartsutgifter for forskaren. Ytterligare tilrettelegging (arbeidsplass, utstyr mm) er eit ansvar for instituttet som vel å ta imot ein SAR-forskar. Forskaren dekker sjølv bu- og leviekostnader av eiga løn.

### **Universitetsdirektøren sine kommentarer**

Arbeidet gjennom Scholars at Risk inngår som viktig del av UiBs samfunnsengasjement og arbeid for å fremje akademisk fridom. Det er eit sterkt og aukande behov for at universiteta engasjerer seg internasjonalt i dette arbeidet og bidreg i situasjonar der akademisk fridom vert satt under press.